

15/2724



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Eirik Brynjelsen, 55 57 21 70

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
- 2. 07. 2015	
Ark. saksnr	Løpenr.
Saksnr	Tilgangskode

Vår dato  
26.05.2015  
Dykkar dato  
15.04.2015

Vår referanse  
2015/5500 512.1  
Dykkar referanse

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

### Løyving UTM-midlar – «Ku- og kaffiklubb» for bønder i Lindås

Me viser til søknad 15.04.15 om støtte til prosjekt for etablering av «Ku- og kaffiklubb» for bønder i Lindås i 2015 til 2017. Søknaden er handsama etter Fullmaktsbrev 2015 til Fylkesmannen frå Landbruks- og matdepartementet 16.02.15, og etter føringar i Regional næringsstrategi for landbruket i Hordaland 2013-17.

#### Vedtak

Landbruksdirektøren i Hordaland løyver kr. 40.000,- til medfinansiering av «Ku- og kaffiklubb» for bønder i Lindås i 2015-2017. Løyvinga er avgrensa til 50 % av totalt budsjett kr. 80.000,-.

#### Vilkår

- tiltaket vert fullfinansiert etter omforeint budsjett som vert å sende Fylkesmannens landbruksavdeling (FMLA)
- tiltaket får ei rimeleg oppslutning frå mjølkeprodusentar i Lindås
- tilskotet kan ikkje brukast til løn, men arbeidstid kan førast som eigeninnsats
- prosjektet må samordne aktivitet mot relevante, regionale satsingar som Mjølkeprosjektet, Grovfor i Pluss ol. og bruke eller informere om desse. Tematikk må også gjerne femne økonomi/kostnadskontroll og bruksutbygging, herunder oppstilling av bruk for overtaking og foredlingsverksemd som grunnlag for mindre bruksutbyggingar.
- eventuelle endringar i prosjektplan skal søkast skriftleg til FMLA
- oppmoding om sluttutbetaling må følgjast av sluttrapport og –rekneskap

#### Utgreiing

Lindås kommune ønskjer å mobilisere og engasjere bønder, spesielt innan storfeproduksjonar, etter mal frå tidlegare initiativ i nabokommunen Radøy. FMLA legg vekt på lokale initiativ og mobiliseringar og ønskjer å prioritere slike nye, lokale tiltak. Prosjektskildringa vantar litt på spesifikasjonar og kostnadsfordeling, men sidan søkar har ei viss røynsle med dette, vel vi å kompensere med vilkår og noko redusert tilskotsdel.

### **Utbetaling**

På oppmoding frå søker kan inntil 75 % av løyvinga betalast ut i prosjektperioden. 25 % vert halde att til prosjektet er sluttrapportert og godkjend. Krav om utbetaling skal være skriftleg, og vert rekna som aksept av vilkåra for tilsegna. Krav om sluttutbetaling skal leggjast ved rapport og revidert prosjektrekneskap. Reduserte kostnader i høve til budsjett vil vanlegvis føre til tilsvarande reduksjon i tilskotsutbetaling.

Prosjektet må være ferdigstilt og rapportert FMLA Hordaland innan 01.04.2017.

Med helsing

Dirk Kohlmann  
Ass. landbruksdirektør

Eirik Brynjelsen  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Dette vedtaket kan klagast inn for Statens landbruksforvaltning, Postboks 8140 Dep, 0033 Oslo. Ei eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet og sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Klaga bør vere grunngjeven, jf. § 32 i Forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen de mottok denne meldinga.